Berekraft og miljø

Individuell oppgåve

Oppgåve 1: Skriv rett fagord til rett forklaring.

bereevne	avfallshandtering	berekraftig mat
overforbruk	miljøpåverknad	kortreist mat
miljø	klimaendringar	klimagassar

1. _____ er når temperatur, nedbør og vêr endrar seg over tid. Det kjem av auka CO_2-utslepp i atmosfæren.
2. _____ er mat som er laga på ein måte som ikkje skadar miljøet.
3. _____ er korleis vi samlar inn, sorterer og kvittar oss med søppel.
4. _____ er gassar som bidreg til global oppvarming, som CO_2 og metan.

5. _____ er kor mange individ som kan leve i eit økosystem over tid utan å ødelegge naturen eller tømme ressursane.
6. _____ er å bruke meir ressursar enn jorda klarer å produsere.
7. _____ er mat som er produsert nær der vi bur for å redusere transport og CO_2-utslepp.
8. _____ betyr alt som er rundt oss i naturen og samfunnet, til dømes luft, vatn, planter, dyr og menneske.
9. _____ er korleis menneske og aktivitetar påverkar naturen.

Oppgåve 2: Set strek mellom rett fagord og bilete.



biologisk mangfald



resirkulering



økosystem



karbonfotavtrykk



karbonkrinslaup



global oppvarming



overforbruk



drivhuseffekten

Oppgåve 3: Skriv forklaringa.

a) Finn fagordet «forureining».
Skriv forklaringa.



b) Finn fagordet «naturressursar».
Skriv forklaringa.



c) Finn fagordet «FNs berekraftsmål».
Skriv forklaringa.



d) Finn fagordet «berekraft».
Skriv forklaringa.



e) Finn eit fagord du ikkje kan frå før.
Skriv fagordet og forklaringa.

Oppgåve 4: Skriv ein tekst.

- Du skal skrive ein enkel tekst på 150-300 ord.
- Du skal bruke 10 fagord eller fleire.
- Vel oppgåve a) eller b).

a) Er livet ditt berekraftig?

Skriv om korleis du lever frå eit berekraftsperspektiv.

- Er livsstilen din bra for miljøet? Tenk på kva mat du kjøper, kva transport du bruker og kva du resirkulerer og kastar.
- Gjer du noko for å beskytte miljøet? Kva i så fall?
- På kva måtar påverkar vala dine miljøet negativt?



Eksempel på fagord som du kan bruke:
berekraft, miljø, naturressursar, overforbruk, miljøpåverknad, forureining, drivhuseffekten, karbonfotavtrykk, kortreist mat, berekraftig mat, avfallshandtering, økosystem, bereevne og resirkulering.

b) Korleis kan vi leve meir berekraftig?

Skriv om korleis vi menneske kan ta betre vare på naturen.

- Kva kan vi gjere for å ha mindre forureining?
- Korleis kan vi bruke naturressursar på ein smart måte?



Oppgåve 5: Undersøk eit produkt

a) Vel deg eit produkt du vil undersøkje nærare (til dømes mobil eller klede).
b) Finn ut kva råmateriale produktet er laga av.
c) Kvar kjem råmateriala frå?
d) I kva land blir produktet produsert?
e) Korleis er arbeidsvilkåra for dei som hentar ut råvarer og set saman produktet?



f) Kor lang reiseveg har produktet før du får det?
g) Ut frå informasjonen du har funne: Vil du seie at produktet er berekraftig eller ikkje?
h) Korleis kan produktet lagast på ein meir berekraftig måte?
i) Ville du betalt meir for produktet om det vart laga meir miljøvenleg og rettferdig? Forklar kvifor eller kvifor ikkje.

Oppgåve 6: Samanlikn informasjon om varer

a) Vel eitt produkt du vil undersøkje (til dømes eit eple, ein sjokolade eller ein energidrikk).
b) Kva produkt har du valt? Skriv òg kva merke det er.
c) Kvifor valde du dette produktet? Var det på grunn av pris, miljø eller sosiale forhold (til dømes arbeidsforhold eller rettferdig handel)?
d) Finn informasjon om 3–4 produkt av same type.

- Kvar kjem dei frå?
- Korleis er dei laga? Er dei økologiske eller ikkje?

e) Kva produkt synest du er mest berekraftig? Forklar kvifor.

